



Saksbehandlar: Stine Lise Espeland

Rådmann: Jostein Førre

Kommuneplan 2024-2036 - Arealreserve og senterstruktur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av §11-5 i plan og bygningslova blir Kommuneplan 2024-2036 - Arealreserve og senterstruktur vurdert av formannskapet, og tilrådingar for endring blir vedteke som framlagt av rådmannen.

Saksutgreiing

Samandrag

Gjennomgang av gjeldande kommuneplan for Sveio kommune er ein del av prosessen med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Etter vedtak av grovsiling i FOR-096/23 blei det blant anna skrive at "4. Formannskapet har òg vurdert at følgjande område i gjeldande kommuneplan kan vurderast å bli teke ut, eventuelt bli justerte mindre og meir formålstenleg. a. B1 på Tittelsnes b. B11 ved Valevåg kan gjerast mindre c. B33 på Fjon d. B42 ved Tveit e. B45 heilt sør mot fulkesgrensa, blir erstatta med spreidd busetnad f. B18 blir erstatta med spreidd busetnad - må avklarast med bygdelaget i Auklandshamn g. Alle område med spreidd busetnad må bli tatt med, men enkelte område kan gjerast mindre eller delast. h. N11" Dette er arbeida vidare med, og det er blitt arbeida med gjennomgang av bustadområde, fritidsbustadområde og næringsområda i gjeldande kommuneplan.

Vurderingane av bustad-, fritidsbustad-, og næringsområda er lagt til saka som vedlegg.

Ein sentral del av arbeidet med å skapa god stadutvikling i Sveio er å definere senterstrukturen i kommunen. Dette er sentralt for å sikre samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som bidreg til meir effektive planprosessar. Vedlagt rapport om Senterstruktur legg fram vurderingane for Sveio kommune sin senterstruktur.

Bakgrunn for saka

Kommuneplanen sin arealdel er under revidering, og i dette arbeidet er det viktig at gjeldande plan blir gjennomgått og vurdert. I vurderingane av gjeldande kommuneplan blir det sett på planperioden sitt behov, opp mot nasjonale og regionale føringar. Sveio kommune har ein stor arealreserve, både når det kjem til arealføremål for bustad, fritidsbustad og næring. For å redusere denne arealreserven er det blitt gjort ei analyse av tilgjengelege areal i gjeldande plan, og desse arealføremåla er gjennomgått og vurdert om det er behov for å vidareføre dei i kommande kommuneplan, eller om dei bør utgå/justerast. Nasjonale og regionale føringar legg fram at me skal minske fotavtrykket vårt i

så stor grad som mogleg, og dermed unngå at urørt natur og areal blir bygd ned. Arealbruk og nedbygging er den viktigaste årsaken til tap av natur, og det er difor viktig og vår samfunnsoppgåve å planleggje for å ha ei mest mogleg berekraftig samfunnsutvikling. Når me planlegg og vurderer kor dei ulike arealføremåla skal plasserast i arealplankartet, er det sentralt å ha tydelege definerte senterstrukturar. Dette for å sikre at vidare utvikling skjer naturleg ut i frå senterstrukturen, og at det er med på å samordne samfunnsplanlegginga. Med det som bakgrunn blir saka om å redusere arealreserven, og definere vår senterstruktur, lagt fram for formannskapet for vurdering.

Saks- og faktaopplysningar

I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er det blitt gjort vurderingar av senterstrukturen til Sveio kommune. Sveio kommune skal definere kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. Sveio sentrum er definert som kommunesenteret, og avgrensingar og strukturane der er utgreia i Kommunedelplanen for Sveio sentrum. Det er vurdert at me berre har definert eit lokalsenter i Sveio kommune, som er tettstaden Førde. Det er vidare vurdert at me har fem definerte nærsenter i Sveio kommune. Desse er definert som Ekrene, Valevåg, Auklandshamn, Våga ved Ålfjorden og Bua. I vedlagt rapport "Senterstruktur i Sveio kommune" blir det lagt fram kva dei nasjonale og regionale føringane seier om senterstruktur og attraktive lokalsamfunn. Det blir lagt fram definisjonar på dei ulike senterstrukturane, og korleis senterstrukturen er i Sveio kommune. Avslutningsvis er vurderingane for kva område som blir definert som dei ulike senterstrukturane i Sveio kommune.

I tillegg er det i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel blitt gjennomført ei analyse av arealreserven i gjeldande kommuneplan. I denne analysen kjem det fram at i gjeldande plan har me 13 318 daa tilgjengeleg bustadareal, som tilseier at me har 1 922 moglege nye bustadar. Totalt har Sveio kommune 2 465 bustadar i dag, noko som betyr at det er lagt inn nok for å omlag doble antallet bustadar i planperioden. Folketalsframskrivingane sine prognosar viser til at me i Sveio kommune kan vente ein vekst, men denne er på 0,45% årleg auke, ut i frå Vestland fylkeskommune sine prognosar. Det betyr at me har nok bustadareal i gjeldande plan til å dekkje behovet i nesten 170 år fram i tid. SSB sine prognosar viser til fleire moglege alternativ. Hovudalternativet til SSB tilseier ein forventa vekst med 486 nye personar fram til 2045, og alternativet "høg nasjonal vekst" frå SSB viser til ein vekst på 964 personar fram til 2045. Dette tilsvarar at gjeldande plan dekkjer behovet i over 200 og 100 år fram i tid. Det er alt for lenge. Kommuneplanen sin arealdel skal i all hovudsak leggje til rette for det behovet me ser for planperioden, som er maks 20 år fram i tid. Då er det viktig at me no finn gode område for bustadføremål, som på sikt kan vurderast utvida dersom det er behov for det seinare, eller at bustadspørsmåla blir teke opp igjen i ein revisjon av kommuneplanen dersom prognosane for folketalsframskrivingar skulle endre seg. I tillegg til bustadreserve er det også gjort analyse over kor mykje tilgjengeleg me har av fritidsbustadområde, og næringsområde. Totalt sett har Sveio kommune ein reserve på 553 einingar for fritidsbustadar, og 13 næringsområde, samt 4 fritids- og turismeområde i gjeldande plan. Meir informasjon om arealreservane for desse arealføremåla er lagt fram i rapporten "Arealreserve i Sveio kommune - notat KPA".

For å prøve å redusere den store arealreserven er bustadareal, fritidsbustadareal og næringsareal i gjeldande kommuneplan blitt gjennomgått. Her er områda blitt gjennomgått for å vurdere om arealføremåla som ligg i gjeldande kommuneplan har konfliktar med eit eller fleire tema som er av nasjonal og regional interesse. Vurderingane er lagt fram i vedlegga "Rapport 1 - Vurdering av ubygde bustadareal i KPA (06.11.23)", "Rapport 2 - Vurdering av ubygde fritidsbustadareal i KPA (06.11.23)" og "Rapport 3 - Vurdering av ubygde næringsareal i KPA (06.11.23)." Kort oppsummering av tilrådingane:

Bustadføremåla: Det er føreslått at 15 av bustadføremåla blir redusert eller endra frå arealføremål busetnad til arealføremål LNF-spreidd busetnad, 4 av bustadføremåla er føreslått teke ut av

kommande kommuneplan, og 6 bustadføremlå er føreslått vidareført uendra i komande planperiode.

Fritidsbustadføremlå: Det er føreslått at 8 av fritidsbustadføremlå blir justerte, eitt (H5 Lindås) fritidsbustadføremlå blir teke ut av kommande kommuneplan og at 7 av fritidsføremlå blir vidareført uendra i komande planperiode.

Næringsføremlå: Det er føreslått at 9 av næringsføremlå blir justerte, 2 av næringsføremlå blir teke ut av kommande kommuneplan og 8 næringsføremlå blir vidareført uendra i komande planperiode.

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. For tema i denne saka er det særskilt berekraftsmål nr. 11, nr. 13, nr. 15 og nr. 17 som er viktige å sjå til i arbeidet.



Økonomiske konsekvensar

Arealføremlå som blir justert/teke ut av kommande kommuneplan kan ha betydning økonomisk sett for framtidig forvaltning av arealet.

Vurdering

Framlegget av arealreserve med tilhøyrande tre vedlegg som legg fram tilråding om areal som bør utgå eller justerast, samt rapport om senterstruktur, legg eit godt grunnlag for vidare vurderingar av revisjonen av kommuneplanen som heilskapleg plan for samfunnsutviklinga i Sveio.

Rådmannen sin konklusjon

Tilrådingar for endringar i arealføremlå i gjeldande kommuneplan, samt definering av senterstruktur, blir teke til vurdering av formannskapet og gjort vedtak på framlagte endringar som skal takast med vidare i planarbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Plan- og bygningslova, særskilt kap. 11 om kommuneplanlegging
- Nasjonale og regionale føringar for overordna planlegging
- Kommunal planstrategi for Sveio 2016-2019 med planprogram for kommuneplanarbeidet
- Samfunnsdelen til kommuneplanen 29.04.2020
- Gjeldande Kommuneplan for Sveio kommune 2011-2023
- Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027
- AR5
- Interkommunal strandsoneplan i Sunnhordaland; kulturminnerik strandsone
- Vassforskrifta med tilhøyrande regional planar
- Hovudplan for vassforsyning 2012-2023
- Strandsonekartlegging, 2013